

På besøk hos vipene

Vipa er ein kjent figur for alle som tidvis oppheld seg i norsk utmark. No blir fuglearten portrettert i ei ny bok.

KJELL ÅSMUND SUNDE, NPK

— Eg har mange feltsesongar bak meg, kor eg har undersøkt ein del problemstillingar knytt til vipa. Etter kvart som åra har gått har eg tenkt meir og meir at det kunne vere på sin plass å samanfatte litt, fortel forfattar og biolog Gaute Grønstad til Nynorsk pressekontor.

Han er no aktuell med boka Vipa. — kamp og kurtise i kulturmarka kor han nettopp samanfattar alt han har lært om vipa dei nesten 15 åra han har arbeidd med fuglen.

— Mykje av materialet i boka er tilgjengeleg i vitskapelege artiklar, men desse artiklane er nok vanskeleg tilgjengeleg for folk flest, seier Grønstad.

Samhandling

Forteljinga til Grønstad kan på mange måtar seiast å vere eit innblikk i alle aspekt av livet til vipa. Som leser får vi unike innblikk i både paringsritual, reirbygging og sosiale strukturar.

— For meg er nok det mest fascinerande med vipa alle samhandlingane dei har seg imellom. Det at det i mange tilfelle verkar som dei har dei same problema og gledene som vi har, fortel Grønstad.

I boka skildrar han mellom anna glede og frustrasjon i paringstida. På eit tidspunkt skildrar han frustrasjonen ei hann-vipe kjenner på når den ikkje finn ei hoe å pare seg med. Hannen endar opp med å pare seg med ei grastue.

— Gjennom ein sesong går dei gjennom både gode og dårlige periodar. Dei synes stundom siste og andre gonger nøgde. Kommunikasjonen dei har seg imellom syns eg er spennande å tolke, fortel forfattar Grønstad.

Truga art

Dei siste 20- 30 åra har det vore ein dramatisk nedgang i talet på viper. Arten raudlista og har sidan 2015 hatt status som sterkt truga i Noreg, og eit ekspertpanel har nyleg tilrådd at denne statusen bør endrast til kritisk trua. Ifølgje Grønstad er det mange faktorar som påverkar bestanden negativt.

— Intensiveringa i jordbruksystemet er truleg største negative faktor. Det er for mykje aktivitet på norske jorde for vipene. Vegetasjonen blir for hurtigveksande. Reira til vipene, som typisk ligg på eit jorde, ryk gjerne før eggja rekk å klekke, fortel Grønstad.

I tillegg peikar Grønstad på bestandsauke i artane som tar vipeegg.

— Høge tal på eggrovande vilt kan bety store reirtap for vipene og mange andre artar. No er det til dømes mykje rev ein del stadar og det slår negativt ut for nokre vipebestandar, slår Grønstad fast.

I boka viser også Grønstad til at vipene beskyttar både eigne og andre sine reir frå fiendar. Når talet på viper går ned får det øg-



Vipa er ein kjent figur for alle som tidvis oppheld seg i norsk utmark. No blir fuglearten portrettert i ei ny bok kor forfattaren mellom anna går i djupna på ulike grunnar til at arten er truga.

FOTO: GAUTE GRØNSTØL



Eg har mange fletsesongar, kor eg har undersøkt ein del problemstillingar knytt til vipa, bak meg. Etter kvart som åra har gått har eg tenkt meir og meir at det kunne vere på sin plass å samanfatte litt, fortel forfattar og biolog Gaute Grønstad til Nynorsk pressekontor.

FOTO: KJELL ÅSMUND SUNDE/ NYNORSK PRESSEKONTOR

konsekvensar for andre fugleartar.


— Det at det blir færre viper påverkar òg talet på andre fugleartar, som hekkar i dei same miljøa, negativt. Vipene har eit aggressivt reirforsvar og har difor ei rolle som vaktbikkje for ein del andre fugleartar, fortel han.

Tips til amatøren

Grønstad avsluttar intervjuet

vipa har dei same problema og gledene som vi har

GAUTE GRØNSTØL,
FORFATTAR OG BIOLOG



Omslagsfoto til boka Vipa. Kamp og kurtise i kulturmarka.

FOTO: GAUTE GRØNSTØL

med Nynorsk pressekontor med å komme med nokre enkle tips til den glade amatøren som ønsker å oppleve vipa på nært hold.

— Det beste tipset er å sitte i skjul ein stad, gjerne på ei høgde

med god oversikt over eit jorde. Skjulestaden kan godt vere i ein bil. Ein bør prøve å finne ein veg med lite trafikk og sjølvsagt avklare med bonden på førehand, avsluttar Grønstad.